

## ÅRSMELDING FOR DRIFTSÅRET 2014 - PÅSKA 2015

Medlemstalet ved årsskiftet var 62. (medlemmer som har betalt kontingent)

Vi hadde ved årsskiftet kr 73.003,59-- på medlemskonto. Inklusive tilskot frå Gjensidigefondet, til turstien. Økonomien i foreininga er tilfredsstillande.

### Tillitsvalde:

Leiar – Ole Sætren

Nestleiar – Jan Silden

Styremedlem/sekretær – Paul Sundnes

Kasserer- Kjell Rune Gangsø

Styret har hatt 2 formelle styremøte i funksjon året (påske til påske). Grunna geografisk avstand mellom medlemmar har telefon og e-post vore nytta i tillegg.

Referat frå alle styremøte kan lesast på [www.silda.com](http://www.silda.com) / velforening/

### Aktivitetar gjennomførde i 2014

1. Dugad vart tillyst til 5. jule, berre 10 møtte. Hekken ved skulen vart klipt og rydding av sti frå Nordsildavegen mot Djupevågen vart starta.
2. På styremøtet i juli vart det drøfta kvifor så få møtte?? Det vart hevda at folk ikkje les plakatar eller heimeside og at Facebook er ein betre informasjonskanal.
3. Det vart laga skiltplan for stiane rundt Silda og Johnshaugen. Skilt vart bestilt i mai men dei kom ikkje til Silda før tidleg i august. Oppsetting vart utsett.
4. Styret bestemte å kjøpe inn 3 benkar, for fast montering ved utkikspunkt, og at det bør kjøpast inn eit rastebord for plassering i Furevika. (Benkane kom til Silda i februar -15, klar for montering til sommaren.)
5. Delvis rydding av skuleplassen vart utført . Det vart semje om å la plassen gro til, istaden for å legge stort arbeid i fjerning av gras og påkøyning av grus.
6. Skateboardrampen, som grendalaget fekk, ligg på lager. Plassering må drøftast nærare med Grendahuset.
7. Styret har også drøfta kva som bør skje for å hindre at graset veks inn i asfalten på vegane. Her må det nok til sprøyting. Og mekanisk fjerning. Styret innhenta tilbod på utstyr for fjerning av gras og mose.
8. Familieaktivitetar:
  - a. Grillfest på skuleplassen. Godt ver og mange fram møtte. Det vart gjennomført leikar for barna og hesteskokasting for barn og vaksne, med premiering.
  - b. Rebusløp vart avlyst, lite fram møtte i 2013 og liten interesse å merke for deltaking. Spørsmål på neste årsmøte 2015.
9. Anløp av «Bergensbåten». Styret har sendt fleire brev til rederiet i 2014, utan svar. Sekretæren sende nytt brev til Norled Stavanger, ved Einar Gjesteland i oktober -14, etter telefonisk kontakt. Purring 18.januar, 3. februar, 4. mars og telefon 5.mars. Fekk svar etter trussel om medieoppslag. Norled gav tydeleg uttrykk for manglande entusiasme, skulda på vanskar med korrespondanse i Selje. Seinare at dei måtte ha løyve frå Fylket og at minst 10 personar måtte nytte ruta for eit slikt anløp. Fylket gav slikt svar:  
*«Dersom Norled opprettheld eventuelle korrespondansar i Selje har vi ikkje noko imot at Norled har anløp på Silda – Eventuelle kostnader/inntekter blir Norled sitt ansvar.»*  
Så langt er saka komen.
10. Heimesida “Silda com” fungerer som offentleg lagerplass for styret. Der har alle tilgang til protokollar og dokument/bilete som SildaVel har tilgang på.

Styret: 1. april-2015 Ole Sætren, Jan silden, Paul Sundnes, Kjell Rune Gangsø.